

Merknadsskjema – Offentleg ettersyn

Plannamn	Fv. 565 Alversundbrua
Arealplan-ID	46312020005
Saksnummer	VLFK 2022/1963
Utarbeida av	Ingar Hals, VLFK
Sist revidert	20240515

Nr.	Avsendar	Hovudpunkt i merknad/uttale	Forslagsstillers kommentar	Endringar		
				Kart	Føresegner	Plan-omtale
	<u>Private merknader:</u>					
1	HLT advokatfirma på vegne av 137/14 (Alverflaten 278, 276) og 137/291 Gabben (Alverflaten 274) 28.06.2023	<ol style="list-style-type: none"> Det blir peika på at målet med planarbeid er m.a. å leggje til rette for vidareutvikling av tettstaden Alversund. Sentralt i dette står utviklingsrommet til Gabben bensinstasjon og jordbrukseigedom den heng saman med. Eigedomane er i saksutgreiinga til Utval for areal, plan og miljø omtalt som «særskilt berørt av tiltaket». Grunneigarane har i den dialogen som har vore fått gje innspel som har ført til høgst nødvendige forbetringar av planen, men den er ikkje god nok til å målet om vidareutvikling av tettstaden. De set fram forslag om endringar slik at planen tek nødvendig omsyn til Gabben og garden, slik at planen kan oppfylle målet betre. Hovudspørsmåla for Gabben og garden (eigedom 137/14) er at planen set av for lite areal til dagleg drift og utvikling av bensinstasjonen, og for sterk oppsplitting av areala til garden. Dei viser til presentasjonen fylkeskommunen hadde på det opne informasjonsmøtet, der det står at arealet til Gabben er litt større enn i dag, og at arealet vart litt utvida etter vedtak i Utval for areal, plan og miljø. Vedtaket i utvalet var eit steg i rett retning, men netto arealrekneskap er negativ for Gabben (med om lag 1 	<ol style="list-style-type: none"> Merknaden blir tatt til etterretning. Ut frå målet om utvikling av tettstaden og at Gabben, som berørt eigedom, er ein del av dette, har vi hatt god dialog undervegs i planarbeidet. Det gjeld og jordbrukseigedom, som og blir sterkt berørt. Vi meiner at vi gjennom denne dialogen har kome fram til gode løysingar som tek omsyn til Gabben og jordbrukseigedom. For Gabben vart dette forsterka av at Utval for Areal, plan og miljø i Alver kommune i sitt utleggingsvedtak vedtok å utvide næringsarealet for Gabben i samsvar med innsendt skisse frå dei. Merknaden blir tatt til etterretning. Utvidinga av arealet til Gabben som vart vedteke i Utval for areal, plan og miljø var i samsvar med ei skisse innsendt av grunneigar. Kommentar elles til arealrekneskap for Gabben blir gitt i pkt. 3. Jf. kommentar til m.a. pkt. 10 meiner vi at den nye vegen ikkje deler opp jordbrukseigedom meir enn i dag, det blir m.a. laga ei kryssing under brua som vil vere betre tilrettelagd enn i dag. 			

		<p>daa), og dei ønskjer ei utviding av arealet slik at Gabben arealmessig kjem i balanse, nærare om dette i pkt. 3. Frå garden er det allereie avstått areal «bit for bit» for skule, gangveg m.m. Den nye vegløyninga gjer dei attverande jordbruksareala meir oppdelt enn før, fordi transport som kryssar vegen blir vanskelegare.</p> <p>3. Samanlikna med skisse ved melding om planoppstart er inngrepa og konsekvensane for eigedomane mykje endra, mykje til det betre. Foreslått planløyning med T-kryss og ny trase for kommunal veg Nedre Alver gir likevel alvorlege inngrep på begge eigedomane. At Gabben no berre får ein tilkomst til fv. 565 gir eit nytt køyremønster som gir større arealbehov m.a. ved levering av drivstoff med store køyretøy. Utvidinga Utval for areal, plan og miljø vedtok reduserer ulempene, men dei peiker på at utvidinga skjer ved at Gabben får attende ein mindre del av areal som tidlegare er av stått til kommunen til trafikkareal m.v. i tilknytning til skulen. De meiner eit makebyte eller tilbakeføring av areal frå kommunen til Gabben er heilt nødvendig. De har eit mål om at arealrekneskapen skal gå i null når ein ser i samanheng det areal som er tilgjengeleg for Gabben i dag på eigen grunn og beiteteigen på 137/14. Det er positivt at denne teigen er foreslått omregulert til næring, men med alt areal som blir att frå 137/291 og 137/14 misser Gabben ca. 1 mål. Grunneigarane ber om at mindre areal blir brukt til veg framfor gamleskulen, men ser det som meir realistisk at utvidinga av næringsarealet blir større inni det tidlegare buss- og trafikkarealet knytt til gamleskulen. Ny kommunal veg Nedre Alver gir uheldig nærføring og det er spesielt uheldig at vegen tar alle parkeringsplassar like ved stasjonen. Det er knytt stor usisse</p>	<p>3. Arealet som no er set av til næringsformål/Gabben er i samsvar med den skissa grunneigar hadde gitt som innspel til Utval for areal, plan og miljø. Vi legg til grunn at denne skissa har tilstrekkeleg areal til framtidig utviding og drift av bensinstasjonen. Arealrekneskapen som er sendt med er rett. Men samtidig viser og denne at samanlikna med eigedomen 137/291 i dag er næringsarealet auka med om lag 1,3 – 1,4 daa. Delar av jordbrukseigedomen har vorte næringsareal, og mykje av arealbeslaget er frå denne jordbrukseigedomen. Vi meiner at det ikkje er rett i dette planarbeidet og vurderer arealbehov til bensinstasjonen ut frå ein netto arealrekneskap for to forskjellige eigedomar, og å ta med i vurderingane tidlegare eigedomsinngrep fleire titals år attende. Arealet som er avsatt til næring (BV) i vårt planutkast er om lag 2,7 daa. I den tidlegare områderuleringsplanen for Alversund frå 2018 var det satt av berre om lag 1,8 daa. I kommunedelplanen frå 2019 var det satt av om lag 3,0 daa. Denne planen hadde ei rundkøyringsløyning inne, der tilkomstvegen Nedre Alver låg over dyrka mark på 137/14, bensinstasjonen hadde ikkje tilkomst frå fylkesvegen. Vår løyning i planutkastet har samla sett eit langt mindre arealinngrep på 137/14 og 137/291 enn det som ligg til grunn i kommunedelplanen og gir betre tilkomst frå fylkesvegen. At framtidig bruk av gamleskulen pr. no er uavklart gjer at det er viktig i denne planen å sikre tilstrekkeleg areal til tilkomst til arealet framfor skulen. Vi meiner at vegen framfor skulen bør ha breidde som vist, og av omsyn til m.a. stigning kan den ikkje flyttast nærare skulen. Løyninga i planutkastet er i samsvar med skisse tilsendt frå grunneigar, og gir eit om lag like stort areal som i kommunepanen, og med betre tilkomst frå fylkesvegen. Arealbruk til bensinstasjonen må avvegast opp mot andre arealbehov i sentrumsområdet. Desse vil bli nærare avklart i eit eige planarbeid når ein har avklart framtidig bruk av den gamle skulen.</p>			
--	--	---	---	--	--	--

		<p>til framtidig bruk av gamle Alversund skule og kva omfang trafikk til denne vil få. Vegarmen opp ved skulen bør derfor flyttast nærare skulen og ha mindre breidde.</p> <p>4. Utanfor arealet som er vist i den vedlagde arealrekneskapen mister og Gabben lagerrom, som de i dag har i driftsbygningen på eigedomen 137/14 på den andre sida av fv. 565. Nye lagerareal må byggast på eige areal. De har og eit lagerareal på 137/14 nede ved brua som må erstattast. Gabben bruker dette arealet i dag til vekksetting av tilhengarar og lagring av større objekt.</p> <p>5. Drivstofftankar ligg under bakken, i rabatt mot fylkesvegen. Det er avgjerande at det blir tatt omsyn til plassering av desse i det vidare arbeidet, slik at det blir sikra at nytt areal ikkje kan brukast til manøvrering av bilar og /eller parkeringsplassar.</p> <p>6. Grunneigarane set pris på den kontakten som har vore i planarbeidet så langt. De understrekar at det er nødvendig med tett kontakt vidare i prosjekteringa for å oppretthalde god drift for både stasjonen og gardsbruket i anleggsfasen. Det må vere eit overordna mål for prosjektgjennomføringa at full drift skal vere mogleg i heile anleggsperioden. Det er lagt opp til ein god del byte av areal, og det er nødvendig med god rekkefølgeplanlegging, slik at funksjoner som går vekk må erstattast før eksisterande funksjon blir tatt bort. Dette gjeld t.d. parkeringsplassar ut mot nye veg Nedre Alver, Gabben sitt lager i driftsbygningen og at stasjonsområdet blir tilrettelagd for meir areal til manøvrering av store køyretøy i god tid før det er nødvendig.</p> <p>7. Noko dyrka mark vil bli erstatta ved at dagens veg blir attendeført etter at brua er riven, men i følge planomtalen er netto forbruk av dyrka mark stor, om</p>	<p>4. Vi meiner at desse arealbehova og skal vere tatt omsyn til i planframlegget. Det vil vere ein fordel for Gabben å få lagringsareal inn på sin eigedom, og ikkje ha dei på motsatt side av fylkesvegen.</p> <p>5. Om nytt køyremønster ved detaljplanlegging av næringsarealet gjer at påfylling av drivstofftankar må flyttast, og at eventuelt og sjølv tankane må flyttast, er noko vi i samråd med grunneigar må vurdere i vidare prosess. Eventuelt ny plassering av tankane blir da gjort i samråd med grunneigar.</p> <p>6. Vi er samde i at det er viktig med ein tett kontakt og i det vidare arbeidet. Dette er noko som vil vere til fordel og for oss og gi ei god anleggsgjennomføring. M.a. dei tema som er tatt opp vil vere viktige. Det er ikkje realistisk å gjennomføre eit så stort tiltak utan at det i periodar vil ha konsekvensar for eigedomane, men ved tett kontakt og god førebuing kan ulempene for eigedomane bli redusert så mykje som mogleg. I tillegg til god rekkefølgeplanlegging må det vurderast om mellombelse løysingar i anleggsperioden kan vere aktuelle.</p> <p>7. Vi er samde i dette, og meiner at planframlegget legg til rette for vidare drift. Noko av arealet som blir rekna med som tatt frå dyrka mark vil og i framtida vere eit ledd i drift av eigedomen, m.a. tilkomstvegen ned frå Kyrkjevegen.</p>			
--	--	--	--	--	--	--

		<p>lag 1570 m². Dette gjer det viktig at planen ikkje gjer det vanskelegare å oppretthalde garden, men legg til rette for vidare drift.</p> <p>8. Det er sentralt at garden og jorda blir drenert godt etter bygging av ny veg og bru.</p> <p>9. Driftsbygningen blir riven. Eksisterande driftsbygning er eit eldre grindbygg og er bygd opp med fine gråsteinsmurar. Ny driftsbygning må ha ei god estetisk utforming i tillegg til å ivareta alle moderne behov. Det må lagast god tilknytning mellom ny jordbruksveg og ny driftsbygning. Det er ikkje tilstrekkeleg at eksisterande driftsbygning blir innløyst, for det er nødvendig at reguleringsplanen føreset at ny skal oppførast på eit tidleg stadium i anleggsfasen.</p> <p>10. Ny veg deler opp bruket meir enn noverande veg. Alle jordbruksavkøyrslar/tilkomstar mellom gardshus og driftsbygning fell bort. Grunneigarane har peika på behov for jordbruksundergang om lag der hovudjordbruksavkøyrslene er i dag, utan at dette er med i planforslaget.</p> <p>11. Eit alternativ til jordbruksundergang kan vere eit nytt gardshus på nordsida av vegen. Dette kan plasserast på grunneigarane sin eigedom 137/150, Alverflaten 279. Eigedomen består ikkje av dyrka mark og det står ein fritidsbustad der i dag. Eigedomen ligg inne i området for varsling av planarbeidet, men er ikkje med i det endelege planutkastet. De ber om at eigedomen blir med i den endelege planen, og at eigedomen blir sett av til spreidd bustadbygging slik at nytt gardshus kan oppførast utan å gå vegen om ny reguleringsplan. Eigedomen ligg i omsynsone Indre Farlei i kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen, og den ligg og inne i 100-metersbeltet til sjø. Sidan hytta ligg der vil føresegnar som seier at bustaden ikkje skal ha meir ruvande</p>	<p>8. Vi har notert at dette er ei utfordring nede ved eksisterande bru, og vil prøve å sikre at dreneringa blir betre i dette området etter bygging av ny veg og bru.</p> <p>9. Vi meiner at plasseringa og føresegnene for ny driftsbygning legg til rette for ei god utforming. Det er sannsynlegvis ikkje gunstig å byggje driftsbygningen tidleg i anleggsperioden. Dette må vurderast nærare, og mellombelse løysingar kan bli aktuelle. Grunneigar vil bli byggherre for driftsbygningen og styre utforminga av denne.</p> <p>10. Ein jordbruksundergang har vore vurdert i planarbeidet. Denne vil bli eit kostbart tiltak, og vil og verke inn på den nye tilkomsten til eigedomen frå Kyrkjevegen. På grunn av terrengtilhøva vil det bli store inngrep som vil auke inngrepet på dyrka mark om ein skal byggje ein slik undergang. Terrenget ved fylkesvegen ligg berre litt under vegnivået, slik at nye vegar må byggast for å kome under vegen. Vi har derfor lagt inn eit areal for ein jordbruksveg under brua. Denne vil liggje på eit høgare nivå enn arealet under eksisterande bru og redusere ulempene med at fylkesvegen deler eigedomen og bortfallet av direkte avkøyrslar. Moglegheten til å køyre under brua vil bli betra samanlikna med i dag, «delinga» av eigedomen blir dermed ikkje større enn i dag.</p> <p>11. Som nemnt meiner vi at planframlegget, med jordbruksveg under brua, ikkje i vesentleg grad gir auka ulemper med deling av eigedomen. Vi har derfor bevisst ikkje tatt opp spørsmålet om framtidig bruk av eigedomen 137/150. Det er ein del spørsmål som må avklarast rundt dette som kan forseinke handsaming av vår plan, og ikkje er ein naturleg del av denne. Som nemnt i merknaden ligg m.a. hytta i 100 m-beltet til sjø og i omsynsone for Indre Farlei. Det er ikkje sikkert at dette er så lett å avklare som nemnt i klagen. Arealformålet og eigedomstilhøva vil og vere vurderingstema om arealet skal nyttast til gardshus.</p>			
--	--	---	--	--	--	--

		<p>profil enn denne ikkje kome i strid med omsynssona. I reguleringsplan kan byggegrense fastsetjast avvikande frå lova sitt utgangspunkt om 100-metersbeltet. Sjøkanten nedanfor blir uansett ikkje forstyrta av tiltaket.</p> <p>12. Det er og nødvendig med ny avkøyrsløse og parkeringsplass til denne eigedomen, eksisterande parkeringsplass forsvinn som følgje av planforslaget. Eigedomen har fått ny avkøyrsløse felles med driftsbygningen, men det manglar snuplass/oppstillingsplass langs denne vegen.</p> <p>13. Samtidig bør ein legge til rette for at dagens gardshus på 137/14, Alverflaten 278, kan frådelast jorda til eige gards- og bruksnummer, og avsetjast til bustad.</p> <p>14. Garasjen for gardshuset på 137/14 blir tatt av ny veg. De føreset at denne, som og tener som ved- og utelager blir erstatta med ny garasje/lager, og at det i rekkefølge skjer i ein samla operasjon riving/oppføring av ny. Dersom det er nødvendig å ha unntak i føresegnene i tilfelle byggeforbod så nært vegen må dette innarbeidast i planen.</p> <p>15. Støyvurderinga viser at gardshuset vil få vegstøy over grensene, og de føreset at tilstrekkelege støytiltak blir sett i verk, og at det skjer før opning av den nye vegen. Støyskjerming og visuell skjerming i T-krysset og langs ny kommunal veg Nedre Alver må utførast med gode estetiske kvalitetar. Minst på nivå med eksisterande skjerming som består av gråsteinsmur med skigard på toppen.</p> <p>16. Gardshuset mistar mykje hage/uteareal pga. ny avkøyrsløse inn på eigedomen. I tillegg til at dette må erstattast som grunnerverv må hagen mot vest byggjast opp att med gode estetiske kvalitetar.</p> <p>17. Teigen på 137/14 med huset Alverflaten 276 mistar og mykje</p>	<p>12. Snu-/parkeringsplass for hytta kan byggjast i tilknytning til jordbruksvegen under brua, innanfor føresegnsområde #13.</p> <p>13. Jf. pkt. 10 og 11 ser vi det ikkje som ein naturleg del av vårt planarbeid å vurdere kor gardshuset på 137/14 skal vere i framtida.</p> <p>14. Vi reknar med at dei viser til ein mindre bygning på nordsida av fv. 565, ved driftsbygningen. Det økonomiske tapet for grunneigar ved at bygningen må rivast vil bli erstatta ut frå gjeldande reglar og noverande bruk. Planframlegget har ikkje i detalj vurdert mogleg plassering av ein eventuell ny bygning.</p> <p>15. Planframlegget legg opp til at støytiltak skal gjennomførast. Føresegnene pkt. 6 d set krav om at støytiltak skal vere utført seinast samtidig med at nytt veganlegg er tatt i bruk. Vi har ambisjonar om gode estetiske kvalitetar, og det er tatt inn krav om dette i føresegnene pkt. 2.3.1.</p> <p>16. Den vestlege delen av hagen blir truleg ikkje berørt av veganlegget. Området er markert som mellombels anleggsområde, men vil truleg bli nytta berre etter avtale med grunneigar. I avtalen vil det da vere vilkår om istandsetting etter at anlegget er ferdig.</p> <p>17. Arealet rundt Alverflaten 276 er ein del av jordbrukseigedomen 137/14. Arealet er i Alversund områdeplan frå 2018 markert</p>			
--	--	---	--	--	--	--

		<p>hage/uteareal pga. ny kommunal veg. Arealet tilordna dette huset i planforslaget er sterkt redusert frå dagens situasjon. I planforslaget er det ikkje lenger ei eigna bustadtomt. De ber om at ein del av arealet rundt huset blir omgjort frå LNF til byggeområde, slik at byggeområdet blir like stort som i dag.</p>	<p>som bustadareal, og i samråd med Alver kommune har vi vidareført dette arealføremålet i planutkastet. (I kommune- delplan for Knarvik, Alversund, Alverstraumen frå 2019 var det lagt opp til innløyising av Alverflaten 276 for å gje plass til tilkomstveg til rundkøyringa som låg inne i den planen). Ny kommunal veg Nedre Alver tar ein del av arealet som i områdeplanen er markert som bustadareal. For å få ei byggbar tomt har vi derfor overført litt av landbruksarealet i den planen til bustadføremål. I områdeplanen var det set av 850 m². Av omsyn til dyrka mark og jordbrukseigedommen 137/14 har vi ikkje lagt inn ei så stor tomt i vår plan. Arealet er no 650 m², som er ei normal storleik på bustadtomter i andre reguleringsplanar. For å auke det byggbare arealet på tomta vil vi endre byggegrensa i nord mot LNF-området, og leggje byggegrensa i formålsgrensa mellom BF og LNFR1.</p>	X		
2	<p>Sigbjørn Haustveit og Vibeke Heldal Skarsvegen 1 (137/82) + Alexander Kjesæth, Skarsvegen 11 (137/559) 26.06.2023</p>	<p>I tillegg til støydempende tiltak for eigedomane har dei eit par innspel.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Tiltak for å unngå at bilar aukar farten etter fartshump like etter buss-stopp «Alver». Strekket opp mot Alverflaten er attraktivt for «leik» med både bilar og mopedar/motorsyklar. 2. De peiker på at trafikk frå Skarsvegen er aukande, og at vidare utbygging kan gje vidare auke. De opplever i dag noko kø ved utkøyring grunna stor trafikk til/frå Radøy. I dag blir det «lommer» i trafikken på grunn av lysregulering. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fartsgrenser og fartshumpar blir ikkje styrt av reguleringsplanen. Dei viktigaste fartsdempende tiltaka er fartsgrensene (40 km/t til forbi krysset til nye Alversund skule, 60 km/t vidare på Alverflaten) og fartshumpen som allereie er anlagt. Bygging av ny bru gir ikkje behov for å endre på desse tiltaka. Det kan eventuelt bli ei ny hump sentralt i Alversund i samband med den tilrettelagde kryssinga for fotgjengarar ved Gabben. 2. Vi er samde i at det kan bli litt meir kø frå Skarsvegen i korte periodar på døgnet utan lysregulering på brua. Men krysset er utforma i tråd med krava i vegnormalane, og har tilstrekkeleg kapasitet. 			
3	<p>Sandra Vågstøl, Kyrkjevegen 15 (137/64) 28.06.2023</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ho ønskjer eit gangfelt over vegen mellom Gabben og Kyrkjevegen. Mange born spring over vegen her, både før og etter skuletid. Eit gangfelt vil sikre at borna kjem trygt over. Dette gjeld born som bur i Kyrkjevegen, og generelt i Alversund.. 2. Ho meiner hengebru vil gje minst inngrep på landskapet. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Oppmerking av gangfelt er ikkje ein reguleringssak. Jf. omtalen i kap. 6.5.1 på s. 23 i planomtalen er gangtrafikken godt under det som ein bør ha for å merke opp eit gangfelt. Registreringar viser at kryssing i overraskande stor grad skjer på gangbrua, og dette er og det absolutt beste av omsyn til trafikktryggleik. Men jf. planomtalen vil det bli ei tilrettelagd kryssing med lys og nedseinka kantstein. 2. Synspunktet er notert til vidare arbeid med utforming av brua. 			
4	<p>Gunn-Tove Kalnes Skjervheim, Kalvatræ 25 (134/209), 30.05.2023 (Epost er berre sendt til sakshandsamar i Vestland fylkeskommune, ikkje som merknad til Alver kommune. Vi tek den</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Etter å ha sett på brualternativa som er vist i planomtalen og 3D-modell foreslår ho at K3 (hengebru) blir vald. Denne brutypen vil gjere at minst utsikt blir mista frå tomta deira. 2. Ho ønskjer at fartshumpen på vestsida av brua blir lagt der fotgjengarkryssinga er. Fartshump er ei 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Synspunktet er notert til vidare arbeid med utforming av brua. 2. Det vil truleg bli ei fartshump vest for brua og etter at ny bru er bygd. Å kombinere denne med fotgjengarkryssinga ved bussstoppa kan vere ei mogleg løysing. 			

	likevel med i vurderinga., den er og ettersendt til kommunen)	<p>god løysing for å redusere fart på køyretøy.</p> <p>3. Ho er skeptisk til utkøyrsele rett vest for brua. Med køyremønsteret i dag stoppar bilar for trafikkllys på brua, slik at det blir luke som bilar kan nytte ved av- og påkøyning på fylkesvegen. Ho er ikkje sikker på om avkøyrsele er god utan lysregulering og auka fart. De skal og passere ein sykkelveg med mjuke trafikantar. Er det mogleg å leggje veg under brua, slik at de kan køyre veg frå buss-stoppet og kome ut i krysset på Hilland? Avkøyrsele er brukt og frå bustadfeltet, ikkje berre dei to til tre næraste bustadene.</p>	<p>3. Merknad blir ikkje tatt til følgje. Jf. pkt. 6.4.2 i planomtalen er avkøyrsele planlagt med tilstrekkeleg sikt, og fartsnivået vil ikkje bli høgt i denne svingen. I føresegnene er bruken avgrensa til noverande bruk til dei næraste eigedomane. Om det blir mykje bruk frå bustadfeltet på Hilland elles kan ein eventuelt gjere tiltak for å hindre dette. Ein tilkomstveg under brua vil bli ei omfattande og kostbar løysing.</p>			
5	FAU Alversund skule, 26.06.2023	<p>FAU har følgd prosessen med ny bru i Alversund. Føremålet er å sikre trygge gang- og sykkelveggar til skulen.</p> <p>1. Dei ser at ein del elevar spring over vegen mellom Kyrkjevegen og Gabben både før og etter skulen. Herer det ikkje overgangsfelt, og elevane vel som regel å krysse her i staden for å bruke gangbrua. Dei ønskjer derfor å undersøke moglegheita for eit overgangsfelt for å sikre at elevar, og born generelt, kjem seg trygt over vegen.</p> <p>2. FAU ønskjer å leggje fram forslag om hengebru, da dette ser ut til ha mindre inngrep i landskapet.</p>	<p>1. Vi viser til vår kommentar til merknad nr. 3 frå Sandra Vågstøl. Ut frå våre registreringar blir gangbrua mest nytta. Dette er og den tryggaste måten å krysse vegen på, og vi tilrår at føresette og skulen oppmodar elevar om å nytte denne. Undersøkingar viser at gangfelt ikkje er trygge løysingar der gangtrafikken ikkje er svært stor.</p> <p>2. Synspunktet er notert til vidare arbeid med utforming av brua.</p>			
6	Rune A. L. N. Lilletvedt, 26.06.2023	<p>Lilletvedt omtaler seg som bruker av Alversundbrua og medlem av Alver KrF, og han har vidareutdanning i førebygging av sjølv mord.</p> <p>Han meiner at den nye Alversundbrua bør ha høgare gjerde mot Alverstraumen for å førebyggje mot sjølv mord. Han nemner at Hagelsundbrua har høgare gjerde ved starten av brua og eit skilt om forbod mot klatring. Forsking viser at høgare gjerde og skilt er med på å førebygge sjølv mord, og har lagt ved ei lenke til vitenskap om dette.</p>	<p>Jf. ROS-analysen som er vedlegg til planframlegget og oppsummert i kap. 8 i planomtalen (pkt. 7 i tabell 8.1) vart dette vurdert fagleg ved utarbeiding av planen i samarbeid med lokale naudetatar. Ut frå lokale tilhøve kom ein til at tiltak ikkje var nødvendig, ut over å ha eit klatresikkert rekkverk med ei standard høgde på 1,2 m. Det er stilt krav om dette i planføresegnene pkt. 3.2.10 a. Ut frå merknaden har vi sett nærare på krava i handbok N101 til rekkverk, pkt. 4.3 om rekkverk på bru og pkt. 4.5.2 om gang- og sykkelbrurekkverk. Vi ser da at med det omfanget vi trur det kan bli av syklande her (langt over 25 i timen) så burde vi lagt til grunn eit rekkverk med høgde på 1,4 m. Merknaden blir tatt til følgje, vi legg inn krav om eit 1,4 m høgt rekkverk. Siste setning i føresegnene pkt. 3.2.10 a bli endra til å starte med « Det skal vere eit 1,4 m høgt rekkverk på utsida av fortauet,...»</p>		X (3.2.10 a)	Kap 8, inkl. tabell 8.1

7	Mette Marei Træland	<p>Ho har vore på det opne informasjonsmøtet og fått presentert planane. Mykje godt arbeid, flott at det er teke omsyn til Gabben. Hog gjer innspel om at dei estetiske verdiane må prioriterast ved endeleg utforming av brua. Innspela handlar kanskje ikkje om sjølve brubygginga, men om viktige detaljar som kan løfte berekraft og trivnad. Ho peiker på god estetikk ved den nye rundkøyringa som er bygd i Knarvik.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Lys, det er viktig at utforming og lysfarge ikkje blir dominerande og øydelegg for landskap og menneske.. Kanskje lyssetting kan bidra til at dette vert flott og vakkert for omgjevnadene, i tillegg til at ein sikrar trafikktilhøva. 2. Fargesetting, er det løfta tankar på om brua kan ha ei fargesetjing som gjer den til ei spanande kunst/natur/estetisk oppleving? 3. Utkikkspost på brua, er det mogleg å lage ein plass der gåande kan stoppe opp og sjå på den vakre utsikta frå brua? 4. Amalie Skram. Er det mogleg å plassere den vakre bysta av Amalie Skram, ein av Noreg sine mest kjende forfattarar, slik at ho faktisk ser ut over Alverstraumen ved brua? Ho veit ikkje om plassen der ho står no blir berørt av reguleringa, men ho er ikkje lett synleg der ho nå står. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vi er samde i at lyssetting er viktig for omgjevnadene, og dette vil bli vurdert ved endeleg utforming av brua. 2. Fargesetting vil og bli vurdert ved endeleg utforming av brua. 3. Merknad om utkikkspost blir ikkje tatt til følgje. Brua vil ha eit 1,5 m breitt fortau lengst ut mot rekkverket. Store delar av døgnet vil gangtrafikken vere så liten at det vil vere uproblematisk å stoppe på fortauet og sjå på utsikta. 4. Bysta av Amalie Skram vil kome svært nær den nye sykkelvegen med fortau. Vi noterer synspunkt på eventuell ny plassering. 			
	Høyringsinstansar:					
1	<p>Statsforvaltaren i Vestland, 01.09.2023</p> <p>(Statsforvaltaren signaliserte mogleg motsegn mot planutkastet. På grunnlag av dette vart det halde eit dialogmøte 22.08.2023. Etter møtet sendte VLFK ein del materiale knytt til støy på kyrkjegarden og omsynet til naturtype aust for Alverstraumen, og Statsforvaltaren har kome med sin endelege uttale etter</p>	<p>Statsforvaltaren sine merknader er delt inn fagleg.</p> <p><u>Naturmangfald</u> Aust for Alverstraumen er det registrert lågurtedellauskog med stor verdi. Naturtypen er i kategorien sårbar (VU) i raudlista. I lokaliteten finst det ask og alm som begge er sterkt trua (EN). I følgje planframlegget blir edelluavskogen påverka av både direkte arealbeslag som følgje av bygging av brufundament og riving av gamal bru. Det er lagt inn føresegningsområde for midlertidig bygge- og anleggsområde over heile lokaliteten.</p>	<p><u>Naturmangfald</u> Jf. og «Etter dialogmøtet» og «Konklusjon» har vi vurdert omfanget av det midlertidige bygge- og anleggsområdet nærare og redusert det noko, m.a. i nær den hule eika. Vi tek og merknaden i brev av 26.04.2024 om at det ikkje bør vere midlertidig bygge- og anleggsområde i ein radius på 15 m ved den hule eika til følgje. Vi tek inn i føresegnene krav om fysisk sikring av området og vurdering av rotsystem ved eika ved behov. Nær eika vil det berre bli arkeologiske utgravingar, slik at vi og har tatt inn omsynet til eika i føresegnene knytt til dette, eit nytt punkt 5.1 c: «<i>Det skal vere fysisk sikring av naturtypeområdet som grensar inn til område #3. Ved inngrep nær hol eik skal det vere fagleg vurdering av omsynet til rotsystemet til eika.</i>» Og nytt pkt. 5.2 b «<i>Ved inngrep nær hol eik i område #18 skal det vere</i></p>	X (endra avgrensing mellom bels anleggsområde)	Nytt pkt. 5.1 c Nytt pkt. 5.2 b	Tabell 6.1

<p>dette 01.09.2023.</p> <p>Ut frå dette arbeidde vi med endringar av planutkastet, og sende eit utkast til Statsforvaltaren 03.04.2024 til uttale, som de svarte på 26.04.2023)</p>	<p>Det er og registrert hol eik i planområdet. Hol eik er ein utvald naturtype, og har svært stor KU-verdi. Eika ligg langt frå tiltaket, slik at ho ikkje vert råka. Men det er lagt på midlertidig bygge- og anleggsområde inn mot hol eik.</p> <p>Statsforvaltaren vurderer at mest mogleg av lågurdellauvskogen og den hule eika bør bevarast. Området for midlertidig bygge- og anleggsområde bør derfor i minst mogleg grad omfatte desse områda. I brev av 26.04.2024 ber dei om at det ikkje skal vere midlertidig bygge- og anleggsområde i ein radius på 15 m frå den hule eika.</p> <p>Naturmangfaldrapporten peiker også på at brualternativ K4 (bogebru) er best med tanke på naturtypen, og har minst konsekvens for fugl. Vi meiner det er uheldig at planen ikkje tar stilling til dette. Verknad for naturmangfald må vere eit viktig kriterium for val av brua, og Statsforvaltaren ønskjer å vere tydeleg på at det skal gode grunnar til for ikkje å velje løysing som er best for naturmangfaldet.</p> <p><u>Støy</u> Det er utarbeidd støyrapport for reguleringsplanen. Den viser at om lag 20 bustader får støy over grenseverdien på fasaden. Støyrapporten vurderer ikkje støytilhøva i dag. Det vert gjort ei overordna vurdering av støyskjerming som avbøtande tiltrak. Detaljnivået er lågt, og nærmare vurderingar av om skjerming skal gjerast på eit seinare tidspunkt.</p> <p>Mangel på klargjering av støytilhøve for ny bru og av endra vegsystem gjer at det er vanskeleg å vurdere kva som er den reelle verknaden av planen.</p> <p>Retningslinje for støy, t-1442/2021, er tydelege på at dersom planområdet er utsett for støy over grenseverdiane i tabell 2, så skal det gjerast ei konkret utgreiing som inneheld:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kart som viser støyinnivå på uteoppfallsareal etter utbygging med og utan avbøtande tiltak • Kart eller figur som viser støyinnivå i 	<p><i>fagleg vurdering av omsynet til rotsystemet til eika.»</i></p> <p>Merknadene knytt til naturtypar er dermed tatt til følgje.</p> <p>Vi tek merknad om val av brutype til etterretning. Vi vil peike på at det er fleire viktige omsyn å ta ved val av brutype, dette er omtalt m.a. i kap. 9.5. i planomtalen. I tillegg til tema som er nemnt der (utforming/estetikk og omsynet til Den indre farleia, kostnader og stenging av farleia i byggefasen) vil m.a. og vedlikehaldskostnader og omsynet til klima vere tema som må inngå i vurderingane. Mange tema vil altså inngå i vurderingane, og kor stor skilnad det er mellom aktuelle brutypar for desse temaa vil og vere ein del av vurderingane.</p> <p><u>Støy</u> Vi har vurdert Statsforvaltaren sine merknader. Vi ser at nokre ting kunne vore gjort litt annleis:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ein litt meir konkret omtale av skjermingstiltak i støyrapport ut over vurderinga av skjermar langs veg kunne det ha vore, men «lokale tiltak på den enkelte eiendom eller bygningsmasse» er nemnt og tiltaka lokale skjermar og fasadetiltak er omtalt både i føresegnar pkt. 2.2.1 og i planomtalen pkt. 7.9. • Det er rett at føresegnene pkt. 2.2.1 a, slik dei er formulert, kan gje inntrykk av at grenseverdiane i Tabell 2 i T-1442 blir nådd. <p>Støyrapporten har med kart som viser støyinnivå etter bygging av langsgåande skjerm vest for brua. I tråd med T-1442 og rettleiar M-2061 er lokale tiltak ikkje detaljert i samband med reguleringsplanen. Direkte sitat frå M-2061: «<i>Det er sjelden hensiktsmessig å angi lokale skjermingstiltak på boliger i kart og bestemmelser.</i>»</p> <p>Det er rett at grenseverdiar ikkje blir nådd, slik utkast til føresegnar kan gje inntrykk av. Det er vanleg at grenseverdiane ofte er umogleg å oppnå, og mykje av T-1442 handlar om korleis ein skal handtere dette. Da det er vurdert at støyskjermar langs fv. 565 i liten grad er hensiktsmessige vil grenseverdiane i Tabell 2 ikkje bli nådd for mange av eigedomane. I tråd med T-1442 har vi da omtalt at fasadetiltak og/eller lokale tiltak elles er nødvendige for å oppnå kvalitetskrteria gitt i T-1442. Dette er i tråd med</p>			
--	--	--	--	--	--

		<p>relevante høgder på fasadar, med og utan avbøtande tiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skildring av avbøtande tiltak • Dokumentasjon på at grenseverdiane i tabell 2 og kvalitetskriterier for støykjenslege bygg kan tilfredsstillast <p>Det står også at dersom det vert planlagt avvik frå kvalitetskriteria og grenseverdiane skal dette synleggjerast og forklarast.</p> <p>Statsforvaltaren kan ikkje sjå at det er utarbeidd kart som viser støynivå etter skjerming i denne saka. Dei forstår det slik at det ikkje vil vere mogleg å støyskjerm slik at grenseverdiane i tabell 2 vert overhaldne alle stader. Dei meiner dette ikkje er godt synleggjort eller forklart i støyrapport eller i planskildringa.</p> <p>Det er presisert i støyretningslinjene at det er særleg viktig ved planlegging av veg eller jernbane er tilstrekkeleg utgreidd og sikra i reguleringsplanen, og at omfang og utforming av kjelderetta tiltak mot støy skal takast inn i plankart og føresegnar.</p> <p>Før ein har god oversikt over kva verknad ny veg vil på ha støy i området, og kva verknad avbøtande tiltak vil ha, er det vanskelege å lage gode føresegnar for støy. Slik vi les den konkrete føresegna til støy i reguleringsplanen skal den sikre at grenseverdiane vert nådd. Om det ikkje er realistisk at dei vert nådd, kan ein, jf. retningslinjene, ikkje ha ein slik føresegn.</p> <p>Statsforvaltaren er også skeptisk til at det står i føresegnene at «Lokale støyskjermingstiltak er avhengig av at grunneigar godtar etablering av støytiltaket på sin eigedom». Dei forstår at føresegna er hensiktsmessig når det gjeld fasadeendringar på hus, men ved samanhengande støyskjerm vil ei nektning også kunne påverke støyforhold på naboeigedomen. Vi rår til at ein tar denne setninga.</p> <p>I brev 26.04.2023 kjem dei med ytterlegare merknader til vårt utkast til nye føresegnar, og ber om at desse blir justert slik at det er tilstrekkeleg klare rammer for vidare utbygging.</p>	<p>M-2061, og det detaljeringsnivået ein til vanleg vil ha ved utarbeiding av reguleringsplan.</p> <p>Vi tek punktet i merknaden om det med grenseverdiane og kvalitetskriterier til følge, og endrar pkt. 2.2.1 a i føresegnene slik at det er kvalitetskriteria det blir vist til. Vi har lagt vekt på å få fram at det er tilrådingane i T-1442 som skal gjelde:</p> <p><i>«Tilrådingane i Klima og miljøverndepartementet sin Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/2021, skal leggest til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen. For bygg og område med støykjensleg bruk som i støyutgreiing får høgare lydnivå enn tilrådde grenseverdiane skal det utgreiast forslag til avbøtande tiltak. For bygg med støykjensleg bruk der kjelderetta tiltak ikkje vil gje tilstrekkeleg støyreducerande effekt, skal det gjennomførast lokale tiltak på enkelteigedomane for å oppnå kvalitetskriteria gitt i støyretningslinja. Lokale skjermingstiltak på enkelteigedomar er avhengig av at grunneigar godtar etablering av støytiltaket på sin eigedom.»</i></p> <p>I tråd med tilleggsmerknad 26.04.2024 klargjer vi at støytiltak skal gjennomførast i tråd med kvalitetskriteria, som er konkrete. Vi har forklart litt nærare om kva som skal gjerast vidare med ei endring av ordlyden i kap. 7.9.</p> <p>Vi har da til dels og tatt til følge merknaden om avhengigheit av at grunneigar godtar etablering. Det har heile tida vore intensjonen at dette gjeld lokale tiltak på enkelteigedomar, ikkje t.d. skjermar langs fylkesveg. Tillegget «på enkelteigedomar» blir og lagt inn i føresegnene pkt. 6 e.</p> <p>Kjelderetta tiltak mot støy ligg allereie inne i plankart og føresegnar og føresegnene pkt. 3.2.2 a. Vi har justert pkt. 3.2.2 a til ein 0,9 m høg skjerm, i samsvar med det som er berekna, og vi har og vist til pkt. 3.2.2 a i rekkjefølgjeføresegn pkt. 6 e.</p> <p>T-1442 set ikkje krav om å kartleggje støysituasjonen i dag, den fokuserer på utan og med støyskjermingstiltak. Jf. vurdering av «Støy på gravplassen» er det for den aktuelt å vurdere skilnaden frå i dag, slik at i revidert støyrapport har vi med ei lita omtale generelt av situasjonen i dag. I denne konkrete saka ser vi ikkje at å utarbeide støykart utan langsgåande støyskjermingstiltak langs fylkesveg bidreg til å opplyse ytterlegare om støysituasjonen og planlagde tiltak.</p> <p><u>Støy på gravplassen</u></p>		<p>2.2.1 a</p> <p>6 e</p> <p>3.2.2 a</p>	<p>Tabell 9.1 og kap 13 (dato støyrapport)</p> <p>7.9</p>
--	--	---	--	--	--	---

		<p><u>Støy på gravplassen</u> Statsforvaltaren er fagstyresmakt med rett til motsegn i samband med regulering av gravplassar og elles der tiltak vil virke på slike.</p> <p>Gravplassforskrifta har føresegnar som skal sikre omsynet til m.a. støy Støyrapporten viser at store delar av gravplassen ligg i gul støysone. Det er i etterkant gjort meir detaljerte berekningar som viser effekten av ulike støyskjermingstiltak. Berekningane viser at ein kombinasjon av høge skjermer langs fylkesvegen og oppe ved kyrkja gir «kvit sone» ved kyrkja. Av omsyn til kyrkjestaden som kulturminne og som område for rekreasjon ser dei at det kan vere konfliktfyllt å gjennomføre desse tiltaka.</p> <p>Berekningane viser at ein 0,9 m høg skjerm langs fylkesvegen gir ganske god effekt. Statsforvaltaren rår til at det blir teke inn i føresegnene at det gjennomførast støytiltak som vist. Gjennomføring av støytiltak må sikrast i rekkefølgjeføresegnene. Ei god utforming av støyskjermen bør sikrast i føresegnar om estetikk. Støyskjermen si lengde og plassering bør leggjast inn i plankartet.</p> <p><u>Støy i anleggsfasen</u> Det må lagast ein plan for handtering av støy i anleggsfasen, dette må inn i føresegnene. Det må vere kontakt med felleradet i anleggsfasen slik at byggeverksemda og gravferder ikkje kjem i konflikt med kvarandre.</p> <p><u>Etter dialogmøtet</u> Etter dialogmøtet har Vestland fylkeskommune sendt ein epost der anleggsområdet ved edellauvskogen og den hule eika er avgrensa. Statsforvaltaren kan godta dette, men det må takast inn i føresegn at arealet må fysisk sikrast i anleggsperioden, og at ein må ha fagkyndig vurdering av verknader på rotsystemet ved den hule eika.</p>	<p>Det stemmer at vi i samband med utarbeiding av planen avdekte at 20 % av gravplassen hadde eit støynivå etter utbygging og før skjermingstiltak over grenseverdiane på 55 dB. Dette er inkludert eit område oppe ved Skarsvegen, som ikkje er relevant i samband med denne planen. Planutkastet la ikkje opp til støyskjermingstiltak av omsyn til kulturminneverdiane i området, både Alversund kyrkje og Den indre farleia.</p> <p>Etter at vi fekk merknad frå Statsforvaltaren har vi hatt synfaring og møte med Alver kyrkjelege fellesråd, Kultur og folkehelseavdelinga i fylkeskommunen, støyfagleg rådgjevar frå Multiconsult og Alver kommune der vi vurderte aktuelle støyskjermingstiltak. Ut frå kulturminneomsyn er ikkje tiltak i det freda området oppe ved kyrkja aktuelt. Av omsyn til gangkryssingar og busslomme er den aktuelle lengda på ein støyskjerm langs fv. 615 avgrensa til å vere frå brua bort mot Kyrkjevegen. I dette området vil det vere behov for vegrekkverk. Av kulturminneomsyn bør og høgda av rekkverket avgrensast til 0,9 m høgde.</p> <p>Etter møtet har vi gjort ei berekning av både skilnader ut frå situasjonen i dag, og kva verknad ein slik kortare støyskjerm vil ha. Det viser seg at ein slik skjerm har som resultat at støynivået ikkje vil auke på gravplassen etter bygging av ny bru, slik at eit kvalitetskriterium i rettleiar for støy er oppfylt. Sjølv om støynivået vil liggje litt over grenseverdiar legg vi ein støyskjerm på 0,9 m høgde inn i plankartet, dette vil og gje ei forandring på støysonene som ligg i plankartet. Ordlyden i pkt. 3.2.2 a i føresegnene er justert for å ta omsyn til denne støyskjermen. Krav til utforming av ein slik støyskjerm går fram av m.a. pkt. 4.2.1 a og b i føresegnene.</p> <p><u>Støy i anleggsfasen</u> I gjennomgangen av korleis støy er handtert i føresegnene ser vi og at pkt. 2.2.1 b er litt uheldig formulert. Den viser m.a. til tabell 5, som omhandlar unntak/spesielle tilfelle og sjeldan vil vere gjeldande. Vi har derfor i endra pkt. 2.2.1 b vist meir generelt til kap. 6 i retningslinjene: <i>«For støy frå byggje- og anleggsverksemd skal dei relevante grenseverdiane gitt i T-1442/2021 kapittel 6 gjelde. Ved overskridingar av grenseverdiane skal det varslast og gjennomførast avbøtande tiltak i samsvar med retningslinje T-1442/2021 kapittel 6 og tilhøyrande rettleiar M-2061.»</i></p> <p>At det skal inn ein plan for handtering av støy i anleggsfasen ligg allereie inne i føresegnene, pkt. 6 f. Vi tek merknaden om kyrkja og gravferder til følgje, ny setning i føresegnene: <i>«Tilhøvet til Alversund kyrkje og gravferder skal vurderast særskilt i planen.»</i></p> <p><u>Etter dialogmøtet</u> Jf. omtale under «Naturmangfald» har vi teke merknader knytt til naturtypar til følgje.</p>	<p>X (støyskjerm, reviderte støysoner)</p>	<p>3.2.2 a</p> <p>2.2.1 b</p> <p>6 f</p>	<p>Endra ordlyd kap. 6.5.1 og 7.9</p>
--	--	---	---	--	--	---------------------------------------

		<p>Når det gjeld støy viser dei til merknader lengre opp, og ber om at dette blir følgt opp. Om ein kan dokumentere at det er liten forskjell frå situasjonen i dag til etter tiltak har ikkje Statsforvaltaren eit motsegnbehov til støy i denne saka.</p> <p><u>Konklusjon</u> Stasforvaltaren kan godta foreslåtte endringar i midlertidig anleggsområde om ein og gjer endringar i føresegner som nemnt. De ber om at omsynet til naturmangfald blir tatt inn som eit kriterium for val av brutype og at det blir vurdert om det kan vere fornuftig med ein omsynssone – natur i plankartet. De viser elles til sin vurdering av støy som råker støykjenslege bygg og gravplass, og ber om at dette blir følgt opp.</p>	<p>Vi viser og til omtale av «Støy» lengre opp. Vi meiner at dette no er følgt opp i tråd med retningslinjene. Det framgår av revidert støyrapport at for bustader som ligg i gul støysone i dag vil det bli betre støytilhøve etter at støytiltak er utført. Støytiltak vil i veldig stor grad vere fasadetiltak og/eller lokale skjermar, og kvalitetskrteria i T-1442 vil vere oppfylt.</p> <p><u>Konklusjon</u> Jf. omtale under «Naturmangfald» har vi teke merknader knytt til naturtypar til følgje. Kriterium for val av brutype er ikkje gitt i planutkastet, berre omtalt i kap. 9.5 og krav til estetisk utforming gitt i føresegnene av omsyn til m.a. Den indre farleia. Førebelse konklusjonar for verknad på Naturmangfald går fram av kap. 9.5. Vi viser elles til omtalen av dette under punktet «Naturmangfald».</p> <p>Med endringar som er gjort har vi følgt opp det med vurdering av bygg med støykjensleg bruk og støy på gravplass.</p>			
2	NVE, 15.06.2023	<p>NVE har ikkje kapasitet til å gå konkret inn i alle plansaker. De har sendt ein generell merknad der dei viser til reglar og rettleiarar. NVE minner om at kommunen har ansvaret for at det blir tatt omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energiplanar, og ber om at det blir tatt kontakt med NVE dersom det er behov for konkret hjelp i saka.</p>	<p>Merknaden blir tatt til etterretning. Vi meiner aktuelle fagtema er godt vurdert i planutkastet.</p>			
3	Statens vegvesen, 27.06.2023	<p>Statens vegvesen uttaler seg som forvaltar av riksveg og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Alternativ V7C er ikkje lenger eit aktuelt alternativ i arbeidet med ny kommunedelplan for E39 Flatøy – Eikefettunnelen. De har derfor ikkje merknad til at det ikkje er reservert areal til framtidig kryssløysing mot dette alternativet. 2. Det er vist til Sykkelstrategi for Alver 2021-31 og at Alver kommune har mål om at reisande med sykkel skal aukast monaleg. Planframlegget støtter etter deira vurdering opp om denne strategien med heilskaplege løysingar for mjuke trafikantar. 3. Det er positivt at planen tek med seg oppgradering av eksisterande busshaldeplassar på begge sider av brua. 4. Dei ser at det er lagt opp til ei byggeperiode på tre år. Det er ein kort 	<p>Vi tek alle punkta i merknaden til etterretning.</p>			

		<p>vegstreking, og ikkje lagt opp til etappevis utbygging. De er opptekne av at mjuke trafikantar blir ivaretatt i heile byggjeperioden. I planskildringa er temaet omtalt, og omsynet til mjuke trafikantar er ivaretatt gjennom føresegnene pkt. 5.1 d.</p> <p>5. Statens vegvesen har ingen vesentlege merknadar til planframlegget.</p>			
4	Kystverket, 08.06.2023	<p>Kystverket viser til informasjon om trafikken gjennom sundet med båtar og til sitt ansvar ut frå havne- og farvannsloven. De har desse merknadene.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Tiltaket med bygging av ny bru og riving av eksisterande bru er søknadspliktig etter havne- og farvannsloven § 14 og Kystverket er rette mynde. Kystverket vil sette krav til seglingsrektangelet, samt gi vilkår for å trygge skipstrafikken under anleggsfasen og ved ferdigstilling av nye Alversund bru. Ut frå andre høgdeavgrensingar i farvatnet har dei akseptert ei seglingshøgde på 28 m ved HAT. Seglingsbredda skal ikkje innsnevrast ved etablering av ny bru, det er viktig at brua kjem mest mogleg vinkelrett på seglingsretninga i sundet. Det vil bli satt krav til færrest og kortast mogleg stengingar av sundet, samt tiltak for å trygge skipsfarten i handlingsfasen. Dette krev ein detaljert handlingsplan for m.a. kommunikasjon, vakthald og andre tryggingstiltak i anleggsfasen. 2. Føresegn 3.4 må skrivast om slik at ansvarsforholdet etter havne- og farvannsloven blir klargjort. 3. ROS-analysen som er vedlagd har fokus på uønska hendingar når ny bru er ferdig bygd. I følgje denne skal forhold i anleggsfasen bli tatt omsyn til gjennom anna regelverk. Risiko for sjøtrafikken i anleggsfasen må takast med i vidare analyser. 4. Ved ferdigstilling av brua vil det bli satt krav om merking på brua i samsvar med Farledsnomalen. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Merknaden blir tatt til følgje. Vi legg inn eit nytt pkt. 3.4.1 a i føresegnene. Seglingsrektangelet er ivareteke gjennom plankart og føresegnene pkt. 3.2.1 og 3.4.3. Stengingar i sundet i anleggsfasen og handlingsplan i samband med dette vil bli handtert i vidare prosess etter havne- og farvannslova i samsvar med føresegnene pkt. 3.4.1 a og 5.1 b. 2. Jf. over er merknaden tatt til følgje. Følgjande setning blir lagt inn i nytt underkt. a i pkt. 3.4.1. «Tiltak som bygging og riving av bru vil krevje godkjenning frå Kystverket i samsvar med havne- og farvannsloven § 14». 3. Jf. pkt. 4.2 i ROS-analysen er sjøtrafikken eit tema som vi vil ha fokus på når vi skal vurdere uønska hendingar i anleggsfasen. 4. Merknaden blir tatt til etterretning. 		<ol style="list-style-type: none"> 1. X (nytt pkt. 3.4.1 a)

5	Vestland fylkeskommune, 30.06.2023	<p>Fylkeskommunen vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunen sitt sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Vedlagt merknaden er ei vurdering frå Universitetet i Bergen ved Forminneseksjonen 23.06.2023, der dei tilrår at det blir gitt dispensasjon frå lov om kulturminne § 8 fjerde ledd for tre fornminne i planområdet med vilkår om at det skal bli gjennomført arkeologiske undersøkingar.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. For kulturminne og kulturmiljø viser dei til at avgrensinga av kulturminne ID 2821670 er feil i plankarta. Heile dette kulturminnet utan 5 m sikringsone må avmerkast som føresegnsområde i plankartet, og føresegnene må justerast. 2. Området i føresegnsområde #15 er ein ikkje freda potetkjellar. Føresegnsområdet må rettast til omsynssone H570 i plankart og føresegner. 3. Jf. Universitetet i Bergen si tilråding aksepterer dei planforslaget med krav om at det blir gjennomført arkeologiske undersøkingar. I samsvar med kulturminnelova § 10 skal tiltakshavar bere kostnadene i samband med dette, og dei peiker på at ein ved vidare planlegging må ta omsyn til at slike undersøkingar normalt må gjennomførast i sommarhalvåret. 4. Det er gjennomført marinarkeologiske registreringar i samband med planarbeidet, og det vart ikkje gjort funn som blir omfatta av kulturminnelova § 14. Undersøkningsplikta etter kulturminnelova § 9 er oppfylt. Planen er oversendt Sjøfartsmuseet til uttale, eventuelle merknader frå museet blir ettersendt. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Det har vore dialog med Seksjon for Kulturarv om dette, der vi har signalisert at vi vil tilrå at plankart og føresegner vil bli endra slik de foreslår, merknaden blir tatt til følgje. Vi sendte og 06.06.2023 eit varsel om desse endringane til dei berørte grunneigarane. Plankartet blir justert slik at ID 281670 får rett avgrensing. Dette gir litt utviding av plangrensa inn på naustareal og område B3. I føresegnene blir pkt. 2.4.1 a første kulepunkt blir endra til «ID 281670 som er merka som område for føresegn #18 i plankartet». Pkt. 5.2 i føresegnene blir endra til «Automatisk freda kulturminne, Askeladden ID 281670, ID 283870-0 og ID 283868-0, som er merka som område for føresegn #16-#18 i plankartet, er frigitt frå fredinga. Ordlyd og vilkår er gitt i felles føresegner pkt. 2.4.1 a.» 2. Merknaden blir tatt til følgje. Føresegnsområdet #15 blir retta til omsynssone H570_2 i plankartet. I føresegnene pkt. 4.2.1 blir det eit nytt pkt. c: «Område H570_2 er ein gamal jordkjellar. Det skal takast omsyn til denne, slik at den ikkje blir skada som følgje av anleggsarbeidet.» Noverande pkt. 5.3 c i føresegnene blir teke ut. 3. Merknaden blir tatt til etterretning. Vi har oppretta dialog med Universitetet i Bergen om at endeleg kostnadsramme for arkeologiske granskingar vil bli avtalt når desse er aktuelle. 4. Merknaden blir tatt til etterretning. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. X 2. X 	<ol style="list-style-type: none"> 1. X (2.4.1 a og 5.2) 2. 4.2.1 og 5.3 	<p>Tabell 6.1</p> <p>Tabell 6.1</p>
---	------------------------------------	---	--	--	--	-------------------------------------

6	Bergen Havn, 03.07.2023	<p>Bergen Havn Farvannsforvaltning har fått delegert mynde som ligg til kommunen i Havne- og farvannsloven frå m.a. Alver kommune.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. De kan ikkje sjå at planutkastet kjem i konflikt med dei interesser Bergen Havn skal ivareta. Ved arbeid med fjerning av eksisterande bru og bygging av ny bru er det viktig at omsynet til ferdsel på sjøen blir ivareteke. Det må vere god informasjonsflyt når arbeidet pågår, og stenging av farleia i lange periodar må bli unngått. 2. De minner om at tiltak som bygging, graving og utfylling i sjø krev løyve etter Havne- og farvannloven. Mynde etter loven er delt mellom Kystverket og Bergen Hamn. Søknadplikten må gå fram av reguleringsføresegnene, og søknad må sendast i god tid før bygging. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Merknaden blir tatt til etterretning. 2. Jf. vår kommentar til pkt. 1 og 2 i merknad frå Kystverket (merknad. nr. 4) går den differensierte forvaltninga i havne- og farvannsloven no fram av pkt. 3.4.1 i føresegnene. 			
7	Austrheim kommune, 26.06.2023	<p>Austrheim kommune har vurdert planutkastet i formannskapet 08.06.2023 og kommunestyret 22.06.2023, og har oversendt vedtaket.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Austrheim kommune er positiv til formålet med å leggje til rette for eit godt vegsystem som gir god framkomst og god trafikktryggleik for alle trafikantgrupper. Kommune ser på ei ny bru som svært viktig for heile regionen. Det er den viktigaste tilkomstvegen for mange i kommunen, og i nabokommunen Fedje. Det er mange pendlarar som bruker denne fylkesvegen dagleg. 2. Austrheim kommune ber om at ferdselen på sjø og land blir mest mogleg uforstyrra i anleggstida. 6 000 bilar passerer bru i døgnet, og Den indre farleia er viktig for både nyttetraffic og for fritidsreisar med båt. 3. Austrheim kommune ser fram til å få ei moderne bru over Alverstraumen og vonar at den kan bli bygd så fort som mogleg. 	Vi tek alle punkta i merknaden til etterretning.			

8	Alver kommune, landbruk, 27.06.2023	<p>Alver kommune v/landbruk kjem med ei fråsegn i høve landbruksinteressene på eigedomen 137/14.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Det er regulert inn område for ny driftsbygning. Det er og opna for å etablere ein jordbruksveg under brua. Dette er bra. 2. Den nye vegtraseen inn mot brua deler opp eigedomen på ein uheldig måte. Det må leggjast inn ein jordbruksundergang slik at arealet sør for den nye vegtraseen kan drivast i samanheng med resten av eigedomen. 3. Skråningar må leggjast som så slake at dei kan jordslåast og nyttast minimum som beite etter at arbeidet er ferdig. Dette må vere med i planføresegnene. 4. Der vegtraseen med fyllingar dekker matjordlaget skal matjorda fjernast og takast vare på. Den skal nyttast til vekstmedium på steinfyllingar slik at dei kan nyttast til beite. Eventuell overskotsmasse av matjord kan nyttast til å auke jorddjupna elle spå garden. Dette må takast med i føresegnene. 5. Dreneringa av vatn frå brua må utformast slik at den ikkje er til ulempe for kringliggjande jordbruksareal. Om dette ikkje let seg gjere må drensvatnet leiast forbi jordbruksarealet. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Merknaden blir tatt til etterretning. 2. Merknaden blir ikkje tatt til følge. Jf. kommentar til pkt. 10 i merknad frå HLT advokatfirma har ein jordbruksundergang vore vurdert i planarbeidet. Vi meiner jordbruksvegen under brua dekker dette behovet. Ein jordbruksundergang vil bli ein undergang med vegar ta ein del areal med dyrka mark. 3. Merknaden blir tatt til etterretning. Vi meiner dette er dekt opp i føresegnene, m.a. pkt. 2.3.2, 3.3.1 og 5.1 a. 4. Merknaden blir tatt til etterretning. Vi meiner dette er dekt opp i føresegnene, m.a. pkt. 2.3.2, 3.3.1 og 5.1 a. 5. Merknaden blir tatt til etterretning. Vi er gjort merksame på utfordringa, og vil ha fokus på dette ved vidare detaljprosjektering av både veg og bru. 			
9	Alver kommune, vegavdelinga, 12.05.2023	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tverrprofil på brua viser eit 1,5 m breitt fortau skilt frå sykkelveg med ikkje avvisande kantstein. Eit 2 m breitt fortau vil vere meir vedlikehaldstenleg. 2. Dei saknar veg- fortau- og gangvegbreidder i plankartet. 3. Dei saknar frisisiktzone for f_KV9. 4. Behov for tydeleggjering av siktsoner frå KV7. Sikt er teikna frå innside køyreveg, ikkje 3 m frå innside fortau som er normalt. 5. Kva med sikthinder i form av mur/gjerde/plantar inn mot fortau/gsvveg langs o_KV8? 6. Utvida kurve i sving på o_GG3 for å kunne handtere køyretøy ved vedlikehald? 7. Da det er skuleveg bør området ved 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Med ein låg, ikkje avvisande kantstein mot sykkelvegen meiner vi løysinga med 1,5 m breidde er OK. 2. Jf. vedtak om utlegging av planutkastet til offentleg ettersyn i utval for areal, plan og miljø 26.04.2023 er det lagt opp til at vegbreidder skal påførast plankartet før 2. gongs handsaming. 3. Merknaden blir tatt til følge. Dette fører og til ei lita justering av plangrensa, og det blir eit nytt bustadformål B8 på eigedomen 137/146. Føresegner pkt. 3.1.1 blir endra til å inkludere B8. 4. Ut frå vegnormalane (N100) skal det vere sikt 3 m inn frå gang- og sykkelveg, men det er ikkje krav om dette for fortau. I tabell 4.1.4.2-1 er det krav om 3 m avstand frå kantlinje køyreveg i lågt trafikkerte avkøyrslar, det er dette som er markert i plankartet. 5. Vi ser ikkje behov for å markere dette omsynet på noko vis langs dette fortauet. 	<p>2. X</p> <p>3. X</p>	<p>3. 3.1.1.</p>	<p>Tabell 6.1</p>

		<p>gamleskulen der ein skal krysse Nedre Alver frå fortau på ei side av vegen til den andre markerast i plankartet, og omtalast i føresegnene som ei tilrettelagd kryssing med nedseinka kantstein.</p> <p>8. De ønskjer at pkt. 3.1.2 i føresegnene for frittliggiande småhus, BF skal endrast med eit tillegg markert grønt: «Mindre påbygg/tilbygg og uthus o.l. kan tillatast nærare enn regulert byggegrense, gjeld ikkje byggegrense mot veg.»</p> <p>9. De ønsker ei ny rekkefølgjeføresegn i pkt. 6: «Før oppstart av anlegget må det sikrast areal og finansiering for omlegging av o_KV8 med tilhøyrande fortau o_FO5 forbi gamle Alversund skule, gbnr 137/130.</p>	<p>6. Merknaden blir tatt til følge, vi har lagt inn ei breiddeutviding i kurva.</p> <p>7. Merknaden blir tatt til følge .Vi markerer området som føresegnsområde #15 i plankartet. Noverande pkt. 5.3 c i føresegnene blir erstatta med denne ordlyden: «Innanfor område merka #15 skal det byggjast ei tilrettelagd kryssing for mjuke trafikantar, med nedseinka kantstein.»</p> <p>8. Merknaden blir ikkje tatt til følge. Jf. kommentar av merknaden til byggesaksavdelinga har vi justert ordlyden i føresegnene pkt. 3.1.2. Denne endringa er ikkje teke inn. Jf. pkt. 17 i merknad frå HLT advokatfirma på vegne av grunneigar har vi og endra byggegrensa i nord mot LNF-området, slik at den ligg i formålsgrensa.</p> <p>9. Merknaden blir delvis tatt til følge. For å klargjøre betre at alle sidevegar i planen (som er lagt inn da dei er nødvendige for god tilknytning til ny fv. 565 og bru) skal vere ferdige samtidig med hovudtiltaket endrar vi pkt. 6b i føresegnene: «<i>Alle sykkelanlegg, sidevegar, gangvegar, kryssingar og fortau skal ferdigstillast samtidig med tilhøyrande strekning av ny veg.</i>»</p>	<p>6. X</p> <p>7. X</p>	<p>7. X (5.3 c)</p> <p>9. X (6b)</p>	<p>Tabell 6.1</p> <p>Tabell 6.1</p>
10	Alver kommune, byggesaksavdelinga, 28.06.2023	<p>I merknaden peiker dei på at plankart og føresegner er lite konkret på enkelte vurderingstema. For tiltak som krevjer byggesakshandsaming meiner dei at føresegner må konkretiserast ytterlegare. Det er nødvendig å å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Konkretisere ytterlegare når krav skal vere oppfylt • Leggje inn kriterium for vurdering der det er nødvendig <p>I tillegg tilrår dei at det blir rydda i rekkefølgjekrav, slik at relevante krav blir samla. Dei tilrår og å ta vekk føresegner som viser til lov og forskrift, da desse kan bli endra etter planvedtaket.</p>	<p>Generelt vil vi peike på at formålet med planen er å leggje til rette for bygging av ny Alversund bru og å knytte denne til eksisterande vegnett på ein god måte. Noko nærliggjande areal er teke med i planen da det vil vere nødvendig å nytte dette arealet i byggefasen, og for å få ei naturleg planavgrensing opp mot andre planar.</p> <p>For sjølve veganlegget og dei midlertidige anleggsområda meiner vi at kart og føresegner er konkrete. Mellom anna er alle rekkefølgjeføresegner i planutkastet knytt til veganlegget, og har konkrete krav om ferdiggjering knytt til dette. Nokre av desse er justerte, slik at dei no viser til når heile anlegget (inkl. riving av eksisterande bru og tilrettelegging av terreng ved gamle landkar) er ferdig, og ikkje til opning av ny bru.</p> <p>Når det gjeld vising til lover og forskrifter er formuleringar rundt dette i stor grad gjort i samråd med berørte fagmyndigheiter, og dei ønskjer slike krav tatt inn. Dette gjeld m.a. kulturminnemyndigheiter, myndigheiter knytt til støy, og myndigheiter knytt til Havne- og farvannsloven.</p> <p>For andre areal har vi i stor grad brukt formuleringar frå kommuneplan eller andre tidlegare planar. Men nokre areal er «nye», m.a. må næringsarealet knytt til Gabben bli utvida for å gje dei nok areal etter at ny veg er bygd.</p> <p>Vi har hatt ein gjennomgang av føresegnene (m.a. ut frå eit vedlegg som byggesaksavdelinga la ved merknaden og vidare diskusjonar med Alver kommune), og vil tilrå nokre endringar for å gjere dei meir rette og konkrete:</p>			

			<ul style="list-style-type: none"> • Pkt. 2.5, ein setning som tillegg: «For byggeformål som kan byggjast ut etter denne planen, herunder B7, BF og BV er byggegrensa enten vist i plankartet eller samanfallande med formålsgrensa.» • Endra overskrift på pkt. 2.5 til «Byggegrenser» • Føresegnene for areal BF, pkt. 3.1.2 har fått nokre tillegg og rettingar, slik at ordlyden no er: Eigedommen regulerast som frittliggjande busetnad med maks 1 bueing. Bygd areal skal ikkje overstige 30 % BYA. Samla bruksareal (BRA) skal ikkje overstige 400 m². Det skal etablerast 1 bilparkeringsplassar per bueing. Parkeringsplass og garasje skal vera plassert og utforma slik at bil kan snu på eigen grunn. <u>planering</u>, støttemur og parkeringsareal som ikkje er til hinder for sikt kan tillatast nærare enn regulert byggegrense. Maks kotehøgde er 38 moh, maks mønehøgde er sett til 8 m frå planert terreng. Eigedommen har tilkomst via kommunalveg o_KV8 og kan krysse gangveg o_F06. • Pkt. 3.1.4 o har fått ei klargjering i ordlyden: «Ved søknad om tiltak er det krav om ein utomhusplan og ei vurdering opp mot Den Indre Farleia.» • Pkt. 3.1.4 m har fått endra ordlyd til «Der byggegrensa mot fylkesveg 565 er trekt rundt eksisterande takutstikk, er det ikkje tillate med full bygningskropp». Vi har og tatt inn ein omtale av dette i kap. 7.3 i planomtalen. • Pkt. 3.1.5 i føresegnene er endra til: «Arealet omfattar eksisterande pumpestasjon.» Det er lagt inn byggegrense rundt eksisterande bygg. • Lagt inn ein setning i pkt. 3.1.7: «Arealet omfattar eksisterande naust.» • Siste setning i fyrste kulepunkt under pkt. 3.3.1 d er endra til: «Tiltak som vil få fjernverknad og/eller bidreg til å endre landskapskarakter vil reknast som vesentlege». • Pkt. 3.3.1 e i føresegnene var ein feil i formateringa. Innhaldet står som tidlegare, det som var i pkt. e ligg no under pkt. d. • Lagt inn som tillegg i føresegnene pkt. 3.4.2: «Felt BSV inngår kun i planen som underliggjande formål til midlertidig bygge- og anleggsområde og areal under ny og gamal bru. Kommuneplan med føresegner gjeld framleis». • Føresegnene knytt til bearbeiding av områda rundt landkara på eksisterande bru har vi prøvd å konkretisere noko. Ny ordlyd i pkt. 5.3 d: «Innanfor område merka #12 skal eksisterande oppfylling av terreng ved landkar bearbeidast. Omfanget av fyllinga skal reduserast for å gje terrenget ei meir naturleg, og tilnærma opprinneleg, terrengform etter at eksisterande veg og bru er rive. Eksisterande veg skal fjernast, og området skal attendeførast til jordbruksareal med kvalitet som nærliggande areal» og i pkt. 5.3 f: «Innanfor område merka #14 skal eksisterande oppfylling av terreng ved landkar bearbeidast. Omfanget av fyllinga skal reduserast for å gje terrenget ei meir naturleg, og tilnærma opprinneleg, terrengform etter at eksisterande veg og bru er rive. Området skal revegeterast med 	<p>2.5</p> <p>2.5</p> <p>3.1.2</p> <p>3.1.4. o</p> <p>3.1.4 m</p> <p>3.1.5</p> <p>X</p> <p>3.1.7</p> <p>3.3.1 d</p> <p>3.3.1 d</p> <p>3.4.2</p> <p>5.3 d</p> <p>5.3 f</p>	<p>Kap. 7.3</p>
--	--	--	--	---	-----------------

			<p><i>vegetasjon som i tilgrensande område.»</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Har presisert at kravet om undersøking av fugl på Kongsøyna er knytt til bygging av veg/bru, ny formulering i pkt. 6 g: «<i>Før anleggsstart for bygging av ny Alversund bru skal det gjennomførast ei forundersøking av førekomst av hekkefugl på Kongsøyna.»</i> • Med tanke på konkretisering av midlertidig anleggsarbeid ved Gabben er det tatt inn et pkt, 5.1 b i føresegnene: «<i>På område merka #2 kan ein, i tillegg til tiltak som går fram av pkt. a, leggje til rette for at næringsområdet kan nyttast i anleggsfasen. Arealet skal i anleggsfasen framstå med kvalitet, med t.d. innslag av grønt og jamne flater. Midlertidig tiltak som lagerbygg el. skal ha ei god plassering og maks byggehøgde på 7 m. Plan for mellombelse tiltak skal utarbeidast i samråd med grunneigar. Mellombelse tiltak må ikkje kome i konflikt med krav til permanent utforming av området gitt i pkt. 3.1.4.»</i> • For konkretisering av krav til midlertidig anleggsområde ved Gabben er det og tatt inn eit pkt. 6 d i rekkefølgeføresegnene: «<i>Mellombelse tiltak på område merka #2 skal vere fjerna seinast to år etter anleggsarbeidet er ferdig, jf. pkt. 5.1 b. Terrenghandsaming og istandsetting av dette arealet skal prioriterast. Utforming av området etter fjerning av mellombelse tiltak skal avklarast i samråd med Alver kommune og grunneigar.»</i> 	6 g	
				5.1 b	
				6 d	

Dialog om utforming av m.a. føresegner for å få ein meir forutsigbar prosess vidare ved bygging	Endringar		
	Kart	Føresegner	Plan-omtale
<p>Jf. kap. 12.2 i planomtalen har vi sett eit behov for at reguleringsplandokumenta skal gje meir førtutseielege rammar for entreprenørar som skal gje tilbod på bygging av brua enn det planutkastet som var på høyring la opp til. Det har vore dialog med Alver kommune og Seksjon for kulturarv i fylkeskommunen om dette. M.a. har ein kome fram til at det er berre brutypene hengebru og bogebru) som er aktuelle i det vidare arbeid, og at desse er likestilte.</p> <p>Ut frå dette er det gjort nokre mindre endringar i plandokumenta:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kap. 9.5 i planomtalen er justert • Det er teke inn litt om dialogen i kap. 12.2 i planomtalen • Det er lagt inn ein ekstra setning i pkt. 2.3.1 b i føresegnene: «<i>Det kan byggjast ei hengebru eller ei bogebru.»</i> 		2.3.1 b	9.5 12.2

Endringsskjema: Oppsummering av endringer av planforslag

Plankart	Reguleringsføresegner	Planomtale
<p>Endringer i plankart samanlikna med det som har vore ute på høyring.</p> <p><u>Ut frå merknad/uttale</u></p> <ol style="list-style-type: none"> Byggegrense i nord BF Avgrensa mellombels anleggsområde ut mot sundet og hol eik Avgrensing kulturminne #18 på 137/14 er endra, #19 går ut. Dette gir og litt utviding av plangrensa inn på naustareal og område B3 Føresegnsområde #15 endra til omsynssone H570_2 (potetkjellar) Frisiktzone sørover ved f_KV9 (gir og nytt bustadareal B8) Breiddeutviding i kurve på o_GG3 Nytt føresegnsområde #15 for gangkryssing over o_KV8 ved Alversund skule Lagt inn byggegrense rundt eksisterande hus på område AV Lagt inn støyskjerm frå brua mot Kyrkjevegen på nordsida av fv. 565, og justert støysoner ut frå dette. <p><u>Ut frå saksframlegg/vedtak ved offentleg ettersyn</u></p> <ol style="list-style-type: none"> Vegbreidder er påført plankartet mange stader. Utnyttingsgrad for område BV (Maks 60 % BRA) og B7 (maks. 30 % BYA) er påført plankartet. Stengesymbol for gamal veg Nedre Alver er påført. <p><u>Ut frå andre årsaker</u></p>	<p>Endringer i reguleringsføresegner samanlikna med det som har vore ute på høyring.</p> <p><u>Ut frå merknad/uttale</u></p> <ol style="list-style-type: none"> Pkt. 3.2.10 a (endra høgde rekkverk frå 1,2 til 1,4 m Nytt pkt 5.1 c og 5.2 b, omsyn til hol eik Pkt 2.2.1 a, endra ordlyd om støy Pkt. 3.2.2 a, justert høgde på støyskjerm til 0,9 m og lagt inn støyskjerm og frå brua mot Kyrkjevegen Pkt 6 e, fått inn presisering av at det er for tiltak på enkelteigedomar at gjennomføring av støytiltak er avhengig av løyve frå grunneigar Endra ordlyd om støy i anleggsfasen, pkt. 2.2.1 b Presisert i pkt. 6 f at det skal takast omsyn til gravferder etc i Alversund kyrkje i anleggsfasen Nytt pkt. 3.4.1 a om at Kystverket er mynde for søknad om bygging av bru Endra ordlyd i pkt. 2.4.1 a og 5.2 slik at den er i samsvar med endringar i plankart for kulturminne #18 Tatt inn pkt. 4.2.1 c, sletta noverande pkt. 5.3 c om jordkjellar for få dette i samsvar med endringar i plankart Føresegner pkt. 3.1.1 er endra til å inkludere bustadareal B8 Nytt pkt. 5.3 c for nytt føresegnsområde #15 Endra ordlyd i pkt. 6 b, slik at det kjem betre fram at alle sideveganlegg må stå ferdig samtidig med bygging av hovudveg Endra overskrift på pkt. 2.5 Lagt til ein setning i pkt. 2.5 Endra ordlyd i pkt. 3.1.2 om området BF Endra ordlyd i pkt. 3.1.4 m om byggegrense ved Gabben Endra ordlyd i pkt. 3.1.4 o Endra ordlyd i pkt. 3.1.5. Endra ordlyd i siste setning i fyrste kulepunkt i pkt. 3.3.1 d Endra feil formatering av pkt. 3.3.1 d og e Lagt inn eit tillegg i føresegnene pkt. 3.4.2 Endra ordlyd i pkt. 5.d og f om istandsetting av områda ved eksisterande landkar for å gjere dette litt meir konkret og klarare Endra ordlyd i pkt. 6 g om forundersøking knyta til førekomst av fugl på Kongsoyna for å klargjere at dette er knyta til bygging av Alversundbrua Tatt inn pkt.5.1 b og pkt. 6 d for å konkretisere krav til midlertidig anleggsarbeid ved Gabben. <p><u>Ut frå saksframlegg/vedtak ved offentleg ettersyn</u></p>	<p>Endringer i planomtale samanlikna med det som har vore ute på høyring.</p> <p><u>Ut frå merknad/uttale</u></p> <ol style="list-style-type: none"> Endra rekkverkshøgde for hending 7 i Tabell 8.1 til 1,4 m., dette er og gjort i tekst under tabellen Endra ordlyd i kap. 6.5.1 og 7.9 for å få inn omtale av støyskjerm frå Alversundbrua mot Kyrkjevegen Endra kap. 7.3 for å klargjere betre byggegrensa ved Gabben. Tabell 6.1 er endra Støyrapport er revidert, dato endra i Tabell 9.1 og i vedleggslista i kap. 13 <p><u>Ut frå saksframlegg/vedtak ved offentleg ettersyn</u></p> <p><u>Ut frå andre årsaker</u></p> <ol style="list-style-type: none"> Tatt inn om off. ettersyn i kap. 2 Omtalt saksgang ved offentleg ettersyn og vurdering av merknader i kap. 12.2 og 12.3. Justert ordlyd i kap. 9.5 for å klargjere at berre to brutyper er aktuelle å byggje. Lagt inn «Merknadsskjema – offentleg ettersyn» i vedleggslista, kap. 13 Tatt inn om høyringsperiode i Samandrag Justert vidare framdrift i Samandrag og kap. 9.1.

Ut frå andre årsaker

1. Ordlyden i føresegnene pkt. 2.3.2 b og 3.3.1 c er endra, da det ikkje er fulldyrka jord i planområdet.
2. Lagt inn ein ekstra setning i føresegnene pkt. 2.3.1 b: «*Det kan byggjast ei hengebru eller ei bogebru.*»

Merknadskart

